



Rektor Anna-Bodil H. Tiskevoll (f.h.), elevinspektør Hilde Førre og hovedverneombod Astrid Bukkøy med synleg prov på at Fitjar vidaregåande skule vann Arbeidsmiljøprisen 2008 i Hordaland fylkeskommune.

FOTO: SIMON SORTLAND.

Fitjarskule fekk arbeidsmiljøprisen

- Dette var overraskende og flott, seier ei glad og nøgd Anna Bodil Hestenes Tiskevoll, rektor ved Fitjar vidaregåande skule.

I går delte Hordaland fylkeskommune ut Arbeidsmiljøprisen 2008 til Fitjar vidaregåande skule.

Dette skjedde på ei markering under Arbeidsmiljødagen i Bergen. Rektor var sjølv til stades og tok imot utmerkinga. Skulen får fordi ein der har

jobba systematisk og noko utradisjonelt for å få til eit inkluderande miljø.

Skulen er prega av ein særleg god atmosfære, som merkast både av skulepersonalet, elevane og dei som gjestar skulen. Dette er litt av den lange grunngevinga som førte til at fitjarskulen fekk prisen, som vart overrekket av varaordførar i fylkeskommunen, Tom-Christer Nilsen.

Det er ein samarbeidspartnar som har foreslått skulen som kandidat til prisen.

HEIDI E. LINDAAS
heidi@sunnhordland.no